



Hovudtrekk bustadundersøking Vang - november 2017

Innleiing

Hausten 2013 vart ei bustadundersøking med 108 respondentar gjennomført i Vang. Tala som kom fram her har seinare vorte omsett til konkrete byggjeprojekt og tomteutvikling i kommunen.

I 2017 er byggjeaktiviteten høg i Vang og kommunen er inne i fleire planprosessar. Ein ny bustadundersøking var på sin plass og i løpet av nokre veker i november kom det inn 125 svar.

Undersøkinga er spreidd gjennom nett- og facebookside til Vang. Vi er klar over at det er eit segment av eldre innbyggjarar i Vang vi ikkje har nådd særleg godt ut til, og det er verdt å ha i bakhovudet når ein ser på tala. Lettbudd og sentrumsnært er stikkord for denne gruppa.

Summen av svara gjev same kva rom for optimisme i høve til bustadutvikling i kommunen i åra som kjem. Mange vil skaffe seg bustad i Vang dei neste tre åra anten dei allereie bur her no eller dei kjem flyttande inn.

For alle svar - sjå vedlegget med rådata. Ved spørsmål, kontakt dagleg leiar i Innvangsjon Hallgrim Rogn (hallgrim@vangivaldres.no // 41 222 769)

Hovudtrekk

- Totalt 125 har svar på undersøkinga
- 43,2 % kvinner og 56,8 prosent menn
- 44,8 % er i alderen 25-34 år
- 30,4% (38 stk) har born
- **46,4 av dei som har svara bur allereie i Vang. Førre gong var dette talet 63 %**
- 61,2 % (72 stk) ynskjer å flytte til Vang eller bytte bustad i kommunen i løpet av dei neste tre åra.
- 35,4 (40 stk) ynskjer å leige eller leige for så å kjøpe eller byggje.
- 66,9 % (79 stk) ynskjer å kjøpe
- 47,5 % (56 stk) ynskjer å byggje
- Arbeid er viktigaste faktor som lyt på plass før flytting.

I Synkende rekkjefølge er dette viktig for folk som ynskjer bustad i Vang

75,6% Utsikt og soltilhøve

65 % Tett på naturen

52 % Lite støy og trafikk

35 % Naturtomt

27,6% Nært skule/barnehage

27,6% Nært sti eller skiløype

26,8% Nært arbeid

23,9% Hage

Leige

- 35 av 125 har svara på leigedelen av undersøkinga
- 42,9% av desse (15 stk) ynskjer å leige snarast mogleg
- Gard eller småbruk og einbustad i spreidd bustadområde er mest attraktivt.
- Pluss minus tretti prosent er interessert i høvesvis einbustad bustadfelt, rekkjehus/ tomannsbustad eller leilegheit i leilegheitsbygg.

- Leiligheit i bustadhus er minst attraktivt
- Tre av fire ynskjer å leige umøblert
- 69,7 ynskjer å leige mellom 60 og 120 kvm.
- Det er ikkje marknad for hyblar i Vang - ingen har svara at dei ynskjer å leige dette.
- 57,1 % ynskjer to soverom
- **57,1 % er villig til å betale 4-6000 kroner/mnd. Førre gong var dette talet 36 %.**
- **20% har 4000,- som ei grense for leigepris. Førre gong var dette talet 32%**
- **60,5% vil helst leige i Grindaheim/Vang. Førre gong var dette talet 41%.**
- 92,9 av dei som vil leige ynskjer å kjøpe eller byggje i Vang i framtida

Kjøp av bustad

66,9 % (79 stk) seier i innleiinga at dei ynskjer å kjøpe, men heile 98 personar har svara på denne delen av undersøkinga. 61,3% av desse ynskjer å kjøpe i løpet av dei neste tre åra.

I synkande rekkjefølge er dette kva folk helst vil kjøpe (opning for å krysse av på fleire)

- 56,7% (51 stk) vil ha småbruk som bustad og hobby
- 55,6% (50 stk) vil ha einebustad i spreidd bustadområde
- 17,8% (16 stk) vil ha gard som kan drivast
- 16,7% (15 stk) vil ha einebustad i bustadfelt
- 10,0% (9 stk) vil ha leiligheit
- 6,7 % (6 stk) vil ha rekkjehus/tomannsbustad
- 4,4 % (4 stk) vil ha leiligheit med fellesareal
- 1,1 % (1 stk) vil ha handicaptipassa bustad

Her vil folk helst kjøpe (opning for å krysse av på fleire)

- | | |
|--------------------|-------|
| 1. Vang/Grindaheim | 53,5% |
| 2. Høre/Ryfoss | 31,3% |
| 3. Hensåsen/Åsvang | 25,3% |
| 4. Øye/Tyinkrysset | 10,1% |

17,2% vurderer heile kommunen som like aktuell

Nyoppussa eldre bustad med tre soverom på 120-180 kvm og pris på 2-3 millionar er gjennomsnittsbustaden.

Bygging av bustad

47,5 % (56 stk) svarar i innleiinga ynskjer å byggje, men heile 78 har svara på denne delen av undersøkinga.

Korleis skaffe tomt? I synkande rekkjefølge (Mulig å kryse av på fleire)

- 63,6% (49stk) Frittliggjande tomt kjøpt på privatmarknaden
- 36,4% (28 stk) Tomt i spreidd bustadområde (maks ti tomter)
- 35,1% (27 stk) Frådelt tomt frå til dømes slektsgarden eller andre
- 22,1% (17 stk) Kommunal tomt
- 16,9% (13 stk) Anna

47,4% kan betale meir enn kr. 200.000 for tomte. Førre gong var dette talet 18%.

Arkitektteikna hus er meir populært enn kataloghus, samstundes er dei fleste opptekne av å bruke lokale handverkarar. Mange vil også bidra noko sjølv. 68,9 % vil bruke 2-4 millionar på byggjeprojektet.